

# **BESTILLINGSDOKUMENT OVERORDNA ANALYSE SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016 - 2020**

**TIL:** Deloitte AS

**FRA:** Sogn og Fjordane Fylkeskommune - kontrollutvalet

## **Bakgrunn**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det følgjande om plan for forvaltningsrevisjon og den overordna analysen:

*Kontrollutvalget skal minst en gang i løpet av valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i perioden. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunen eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.*

Plan for forvaltningsrevisjon skal altså i følge forskrifa vere vedteken av fylkestinget innan utgangen av 2016. Planen skal vere basert på ei overordna analyse.

## **Formål**

Formålet med ein overordna analyse er å gje kontrollutvalet i fylkeskommunen eit grunnlag for å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Analysen skal vere ei vurdering av risiko og vesentlighet knytt til fylkeskommunen sine målsettingar og bruk av verkemidlar.

Det er ingen konkrete lovkrav til korleis den overordna analysen skal utarbeidast, utover det at den skal vere basert på risiko- og vesentlegvurderingar.

Sekretariatet har gjennom samtaler med Deloitte AS funne grunnlag for eit samarbeid der sekretariatet kan gjere deler av arbeidet med analysen. Utfordringa har vore å finne område der revisor kan spare ein del tid ved at sekretariatet tek oppgåvene. Samtalane har resultert i semje mellom revisor og sekretariat om følgjande oppgåver sekretariatet kan gjennomføre:

- Innhenting og gjennomgang av relevant dokumentasjon
- Delta i prosessmøta i kontrollutvalet med ansvar for protokoll frå møta
- Ansvarleg for utarbeiding av dokument Plan for forvaltningsrevisjon

Dette vil gje ei innsparing på om lag 50 timer som revisor ville brukt til dessse oppgåvane. Det er også vurdert å gjere om analysen slik at den vert i større grad prega av informasjon om - og resultata av - vurdering rundt risikoområda, og mindre omfattande generell beskriving av fylkeskommunen. Dette i tillegg til at overordna analyse for selskapskontroll vert ivaretake av SF revisjon IKS vil resultere i ein reduksjon på ytterlegare om lag 50 timer. Vi vil då kome ned på eit timeforbruk på om lag 70 timer i tidsforbruk frå Deloitte AS på overordna analyse.

Kontrollutvalet ynskjer analysen ferdig innan utgangen av juni 2016, slik at den kan handsamast på møte i utvalet i august.

## **Omfang av prosjektet**

Kontrollutvalet reknar med ein reduksjon av omfanget ved utarbeidninga ved at sekretariatet går inn å gje deler av arbeidet. I tillegg vil ein ta ut den delen av overordna analyse som tidlegare gjaldt selskapskontroll.

Kontrollutvalet ynskjer ein prosjektplan der vurdering av tidsbruk/økonomi er med.

Analysen må vere ferdig i løpet av juni 2016 slik at den kan presenterast i kontrollutvalsmøte i august.

Leikanger 24. november 2015

Frank Willy Djuvik  
Leiar i kontrollutvalet